

---

# Landsmøtet Sakspapir

**Møtedato** 17.04.15-19.04.15  
**Ansvarlig** Arbeidsutvalget  
**Saksnummer** LM5 01.01-15  
**Gjelder** Rapport arbeidsutvalget



---

1 **Vedlegg i saken:**

2 1. Rapport arbeidsutvalget

3 **RAPPORT ARBEIDSUTVALGET**

4 **FORMÅL**

5 Orienterer landsmøtet om arbeidsutvalgets arbeid i løpet av perioden 2014/2015.

6 **SAKSPRESENTASJON**

7 Arbeidsutvalgets rapport har til hensikt å orientere landsmøtet om det arbeidet som er gjort i løpet  
8 av perioden, spesielt med tanke på hvilke oppgaver som ble gitt av landsmøtet gjennom  
9 arbeidsprogrammet. Arbeidsutvalget legger frem rapport for resten av perioden på landsstyremøte  
10 5 i mai.

11 **VURDERING**

12 Det er ingen merknader til rapporten.

---

13 **INNSTILLING**

14 *Innstilling legges frem på møtet.*  
15

---

## 1 **VEDLEGG 1: RAPPORT ARBEIDSUTVALGET**

2 Dette er rapporten frå arbeidsutvalet (AU) 2014/15 til landsmøtet (LM) 2015. Rapporten omhandlar  
3 arbeidet i perioden frå AU troppa på 1. juli til rapporten er sendt ut, og er lagt opp ut i frå den  
4 politiske strategien vår og handlingsplanen vedtatt av landsmøtet.

5 Det blir også orientert munnleg i møtet, og ein kan stille spørsmål om det er delar ein ønskjer  
6 utdjupeing på eller vil kommentere. For oversikt over alle arrangement i perioden, verv og  
7 tillitsvalde, tildelingar frå NSOs fond og kursverksemd med meir viser vi til årsrapporten for NSO.

### 8 **OVERORDNA**

9 AU 2014/15 starta vårt arbeid 15. juni, og hadde overlappingsperiode med avtroppande  
10 arbeidsutval fram til vi overtok ansvar, organisasjon og kontornøkler den 1. juli. Vi vil først av alt  
11 takke avtroppande AU og sekretariatet for ein strålande overlappingsperiode! Den var profesjonell,  
12 hektisk og godt lagt opp, og vi følte oss meir og meir klare til å «overta» organisasjonen utover  
13 sommaren. Gjennom overlappinga blei det tydeleg den viktige rollen sekretariatet har for å bringe  
14 kontinuitet og fagkunnskap vidare frå å til år.

15 AU fann seg raskt godt til rette på kontoret, og vi har trivst godt i lag med sekretariatet med fleire  
16 sosiale arrangement, lunsj-quiz og mykje humor. Vi har heile perioden også hatt mange besøk frå  
17 tillitsvalde i NSO og våre samarbeidsorganisasjonar, og det set vi stor pris på. Vi oppmodar i  
18 framtida alle som er i nærleiken til å stikke innom Holbergs gate 1 for kaffi/te og ein prat!

19 På grunn av omfanget til rapporten er det ikkje mogleg å dekke alle sakene vi har jobba med, så  
20 vidare vil AU gå nærare inn på nokre av dei største politiske sakene. AU viser også til rapportane  
21 vi har sendt til kvart landsstyremøte, der ein kan lese meir inngåande om sakene vi har jobba med.

### 22 **NSOS POLITISKE ARBEID**

23 AU utarbeida, saman med avtroppande leiar og nestleiar i fjorårets AU og rådgjevarane som  
24 jobbar med informasjon og politikk på kontoret (populært kalla Info/pol), ein politisk strategi for  
25 NSO-året 2014/15. Denne strategien utdjupear punkta i Handlingsplanen, og vektar politisk fokus  
26 opp i mot den politisk konteksten. Vi har alt i alt hatt stort fokus på fleire av NSOs kjernesaker:

27 Først og fremst har dette året vore den store kampen om gratisprinsippet, og arbeid med  
28 stortingshøyeringar, medieutspel og ein eigen «stopp skolepengar»-kampanje har i stor grad prega  
29 heile organisasjon sitt arbeid. Vi fekk også stort gjennomslag for fleire studentboligar, og etter at  
30 budsjettforhandlingane var over kunne vi ta juleferie med tidenes tildeling på 2000 studentboligar  
31 og ingen skolepengar – ei viktig og god prioritering av regjeringa og støttepartia.

32 Dette er og har vore eit veldig viktig fagpolitiske år, med både ny stortingsmelding om struktur i  
33 høgare utdanning, gjennomgang av finansieringssystemet og lanseringa av ein langtidsplan for  
34 høgare utdanning og forskning. Her har NSO jobba aktivt gjennom heile året for å få gjennomslag  
35 for våre innspel og sikre at resultatet blir til studentane sitt beste.

36 Av konkrete gjennomslag i perioden vil vi også trekke fram stortingsvedtak om å gjeninnføre  
37 studentstyringa av samskipnadane, varsel om ei eiga stortingsmelding om utdanningskvalitet  
38 våren 2017, vedtak om at vi får Board Meeting til Noreg våren 2016 samt eit eige seminar om  
39 studentane si psykiske helse. Elles har perioden vore prega av arbeid med Post 2015 og den

40 globale studentstemma, Studiebarometeret til NOKUT, produktivitetskommisjonen sin første  
41 rapport og utarbeiding av ny mangfalds,- likestillings, og inkluderingspolitikk og ny forskingspolitikk.

## 42 Hovudsakene i årets politiske strategi

### NSOs hovedprioritering 2014/15



43

## 44 Psykisk helse

45 Psykisk helse har vore ein av toppsakene for NSO i år, aktualisert gjennom lanseringa av  
46 Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT). NSO har jobba tett med Samskipnadsrådet  
47 rundt lanseringa, og fekk ansvaret for mykje av mediearbeidet og profileringa av undersøkinga.  
48 Den viser kort oppsummert: Den psykiske helsa til studentane er kritisk forverra dei siste fire åra,  
49 éin av fem studentar rapporterer at dei opplever alvorlege psykiske symptomplagar, studentar er  
50 dobbelt så utsette som resten av befolkninga i same aldersgruppe og dobbelt så mange kvinner  
51 som menn opplever psykiske plagar og lav fagleg sjølvtilitt.

52 Dette arbeidet har vorte følgd opp gjennom representantforslag i Stortinget, ein felles konferanse  
53 mellom Kunnskapsdepartementet Helse- og omsorgsdepartementet (inklusive begge statsrådene)  
54 om studentars psykiske helse og andre innspel NSO har gitt, mellom anna til regjeringas  
55 kommande stortingsmelding om framtidens primærhelseteneste.

## 56 STRUKTUR, FINANSIERING OG LANGTIDSPLAN

### 57 Stortingsmelding om struktur i UH-sektoren

58 Strukturdebatten har for alvor tatt seg opp dette året, etter at Kunnskapsdepartementet (KD)  
59 sendte ut brev til alle institusjonane om å finne «aktuelle fusjonspartnarar» ved sommartid i fjor.  
60 Kort oppsummert har NSO sitt arbeid handla om å få fram at målet med strukturendringane er  
61 betre studiekvalitet for studentane, og for å få det til må vi ha solide fagmiljø som kan tilby  
62 forskningsbaserte utdanningar av høg kvalitet, samt ivareta mangfaldet i utdanningslandskapet.

63 Hovudargumenta våre har for det første vore at administrative innsparingar ikkje skal være  
64 grunnlaget for eventuelle fusjonar. For det andre ønskjer NSO at KD skal kunne tildele nasjonalt  
65 ansvar for fagområder til institusjonane. For det tredje ønskjer vi at alle skal ha en tydeleg og  
66 spissa fagleg profil, som igjen skal speglast i institusjonens namn. For det fjerde vil vi at faglege  
67 fullmakter skal kunne bli gitt på bakgrunn av kvaliteten til eit spesifikt fagmiljø. Til slutt ønskjer NSO

68 å ivareta det regionale behovet for kunnskap gjennom bruk av satellittcampusar; campusar som er  
69 tilknytt ei større eining, i tråd med plattform for organisering og dimensjonering, vedtatt i NSO i fjor.  
70 Strukturmeldinga er varsla i slutten av mars, og NSO forventar godt gjennomslag for vår politikk.

### 71 **Nytt finansieringssystem**

72 Vi har utfordra ekspertgruppa på å lage eit finansieringssystem som legg opp til god oppfølging og  
73 rettleiing av studentane, som framleis premierer gjennomføring ved å lønne både studiepoeng og  
74 at studentane gjer ferdig ein grad, og som i tillegg lønner god undervisning. Oppsummert meiner vi  
75 at basistildelinga til institusjonane bør aukast, at vi må fremje arbeidsdeling og konsentrasjon i  
76 sektoren gjennom prinsippet om *nasjonalt- og regionalt ansvar* og støtta såkalla UKP-avtalar, der  
77 KD og institusjonane saman sett mål på utvikling, kvalitet og profil ved institusjonane.

78 Vi har brukt alle sjansar til å kome med innspel til nytt finansieringssystem; til dømes ved å halde  
79 innlegg på konferansar, sende innspelsnotat til ekspertgruppa, løfte mediasaker og møte aktuelle  
80 politikarar. Forslaget til nytt finansieringssystem blei lagt fram av ekspertgruppa medio januar, og vi  
81 har opplevd å få godt gjennomslag for våre innspel i forslaget.

82 Det er også verdt å nemne at finansieringsutvalet har foreslått å gjeninnføre eit slags  
83 «*turbostipend*» som inneber at studentar som fullfører på ca. normert tid skal få ein ekstra  
84 økonomisk bonus. Her har NSOs respons vore at det betre å gi ei god nok studiefinansiering  
85 undervegs som gjer at vi kan forvente gjennomføring, heller en å ytterlegare lønne dei som allereie  
86 får det til i dag. Det er ein debatt som langt i frå er ferdig, og som neste års AU nok må plukke opp.

### 87 **Langtidsplan for forskning og høgare utdanning**

88 Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning blei lansert i oktober, saman med statsbudsjettet,  
89 og vedtatt av stortinget i januar. Planen tar for seg regjeringa sine ambisjonar både på  
90 forskingsfeltet og høgare utdanning i eit 10-årsårsperspektiv fram til 2024. Vi har kritisert planen  
91 kraftig for å nærast mangle tiltak om utdanning og studentar, samt være for fokusert på dei aller  
92 beste forskingsmiljøa og at den ikkje i tilstrekkeleg nok grad ta innover seg heile breidda av  
93 forskning- og utdanningsmiljøa i Noreg. Det er ikkje eit mål at *alle* skal vere internasjonal framifrå. Vi  
94 saknar også ei prioriteringsliste for investeringar i bygg og infrastruktur, som NSO har etterlyst over  
95 lengre tid. Der har Stortinget no vedtatt at ein slik plan skal regjeringa kome tilbake til.

96 NSO lanserte difor vår eigen seks-punktsplan for betre utdanning, dei kan lesast på student.no. Vi  
97 fekk god respons frå universitets- og høgskulesektoren, og har sidan også fått gjennomslag for ei  
98 eiga stortingsmelding om utdanningskvalitet, som skal kome våren 2017. Det ser vi fram til!

### 99 **Statsbudsjett/studentøkonomi**

100 NSOs hovudprioriteringar til statsbudsjettet 2015 var:

- 101 • *At studiestøtta aukast til 1,5 G og fordelast over 11 månader.*
- 102 ▪ *At det gis statleg tilskot til bygging av minst 3000 studentboligar i regi av samskipnadene.*

### 103 **Skulepengar og gratisprinsippet**


104 Studentøkonomisakane vart derimot satt i skuggen av eit verre forslag, for i statsbudsjettet foreslo  
105 regjeringa å innføre skulepengar for internasjonale studentar frå land utanfor EØS-området, og  
106 kutte UH-sektoren med 80,5 millionar for haustsemesteret 2015. NSO har reagert sterkt og samla,  
107 og AU er veldig fornøgde med den innsatsen både medlemslag, tillitsvalde og gode vener av  
108 studentbevegelsen har lagt ned i å få stoppa forslaget. Tusen takk for innsatsen, alle saman!

109 På statsbudsjettdagen klarte vi å mobilisere omtrent 80 studentar på tre timars varsel, utanfor Ole  
110 Johan Dahls Hus på UiO som helsa Torbjørn Røe Isaksen «velkomen» då han skulle legge fram  
111 langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Utstyrt med akademikarhattar og banner møtte  
112 mange medlemslag, velferdstinga, International Students' Union (ISU) og andre studentar opp på  
113 under tre timars varsel, frå studiestadar så langt unna som Drammen og Gjøvik. Det var ei tydeleg  
114 melding frå ei samla studentrørsle. Meir om NSOs arbeid finn du på [stoppskolepenger.no](http://stoppskolepenger.no)

### 115 **Studiestøtte**

116 I statsbudsjettet for 2014, under behandlinga 26. november (vedtak 29), står det at regjeringa skal  
117 «utrede studentenes levekår med sikte på å realisere heiltidsstudenten», og at det skal «innebære  
118 en plan for økning av studiestøtten og studiestøttens lengde». Bakgrunnen er den negative  
119 utviklinga studiestøtta har hatt samanlikna med G – grunnbeløpet i folketrygda. I årets  
120 statsbudsjett auka studiefinansieringa med 413 845 000 kroner. Dette inneber at den enkelte  
121 student får 3050 meir frå og med hausten 2015, samanlikna med studieåret 2014/15. Det utgjer ei  
122 auke på 3,1 prosent, som er om lag 1 prosent over prisvekst.

123 Går ein ut i frå at grunnbeløpet i folketrygda (G) aukar like mykje i 2015 som i 2014, er justeringa  
124 av studiestøtta ei reell svekking av studentane sin økonomi; frå 1,107 G i 2014, til 1,103G i 2015.  
125 NSO sin respons har vore at vi sjølv sagt er glade for at studiestøtta er noko betra, men har  
126 forventningar til at regjeringa i framtidige budsjett skal auke den også utover prisveksten.



### 128 **Rentepåslag på studielånet**

129 Med det nye året kom også ei endring som gjer det dyrare for alle med studielån, sidan regjeringa  
130 auka rentepåslaget frå 1prosent til 1,25 prosent frå og med 2015. Det fører til at staten tener rundt  
131 300 millionar ekstra på dei med studielån. Rentepåslaget var grunna i auka  
132 administrasjonskostnadar for Lånekassa og at studielånet blir gitt utan sikkerheit, men då vi  
133 snakka med Lånekassen hadde dei ikkje behov for auka inntekter. Sjølv om det ikkje er store  
134 summar for den enkelte, meiner vi det sender eit signal om det blir dyrare å ta opp studielån og at  
135 rentepåslaget blir politisert – altså grunna ut i frå politikk og ikkje auka kostnadar.

### 136 **Studentboligar**

137 I fjor var det gitt tilskot til 1259 studentboligar, og i budsjettforslaget frå Høgre og FrP var dette  
138 foreslått auka til 1500 boligar. Etter at budsjettforhandlingane med Venstre og KrF, fekk vi  
139 gjennomslag for ytterlegare 500 boligar – slik at det i 2015 blei gitt tilskot til bygging av totalt 2000  
140 studentboligar landet rundt. Før forhandlingane var NSOs krav tydelege – vi kravde både at

141 forslaget om skolepengar skulle blankt avvisast, og større gjennomslag for våre  
142 budsjettprioriteringar. Den strategien fungerte godt, og budsjettforliket enda godt for studentane.

143 For å feire ingen skolepengar og rekordmange studentboligar, inviterte vi representantar frå partia  
144 som inngjekk forliket, kunnskapsministeren, medlemslagsleiarar, samarbeidsorganisasjonar med  
145 fleire til kakefest på kontoret. Her fekk NSO ein pepparkake-studentbolig av regjeringa.



#### 146 **International Students' Day**

147 Måndag 17. november arrangerte NSO og  
148 medlemslaga International Students' Day. Det har ikkje  
149 blitt feira i Noreg på lenge. Markeringa av dagen var ein  
150 måte å synleggjere det positive ved at norske høgare  
151 utdanningsinstitusjonar har studentar frå heile verda.  
152 Strategisk sett passa dagen godt i lag med i «Stopp  
153 skolepenger»-kampanjen. Til neste år blir det, heldigvis,  
154 nytt tema.

#### 155 **Produktivitetskommissjonen**

156 Finansminister Siv Jensen har nedsett ein kommisjon  
157 som skal «kartlegge årsakene til svakere  
158 produktivitsvekst og fremme konkrete forslag som kan  
159 styrke produktivitet og vekstevne i norsk økonomi».  
160 Denne produktivitetskommissjonen er leia av Jørn  
161 Rattsø, professor i samfunnsøkonomi ved NTNU.  
162 Våren 2015 la kommisjonen fram første rapport, som  
163 viktigast av alt seier at ungdom stort sett gjer rasjonelle  
164 studieval og at utdanning er ein viktig faktor for  
165 produktivitet.

166 Kommisjonen foreslår på den eine sida å styrke studentøkonomien, betre undervisningskvaliteten  
167 og redusere fråfallet i høgare utdanning. På den andre sida vil dei ha turbostipend, innføre  
168 skolepengar, oppmøteplikt på undervisning og høgare opptakskrav for å få lov å studere. NSOs  
169 respons har handla om at dei siste tiltaka vil skape eit meir rigid utdanningssystem, bryte  
170 gratisprinsippet og svekke mangfaldet i høgare utdanning, men at det er viktig å jobbe mot det  
171 høge fråfallet og betre studentøkonomien. Rapporten er i alle høve grunnlag for debatt framover.

## 172 **ANDRE AKTUELLE SAKAR**

### 173 **Kommune- og fylkestingsval 2015**

174 Landsstyret har vedtatt eit dokument med innspel til dei politiske partia sine kommune- og  
175 fylkestingsprogram. Dokumentet er på NSOs nettsider, og vi håpar det blir flittig brukt av  
176 medlemslaga. AU har også vore på nokre innspelsmøte med dei politiske partia.

### 177 **Minerva-forslag om skulepengar for alle**

178 Dagen etter at forslaget kom i statsbudsjettet om skolepengar for internasjonale studentar, foreslå  
179 Minerva likegodt skolepengar for alle studentar. Vi tok debatten, og møtte Mariette C. Bøe i  
180 Dagsnytt 18. AU svarte også Minerva på nett, innlegget les du her: [Misforstå dette, Bøe \(lenke\)](#)

## 181 **Likestilling i organisasjonen**

182 Dette har vore eit tema organisasjonen har diskutert gjennom året. AU har blant anna arrangert ei  
183 samling for kvinnelege leiarar, og elles følgd opp vedtaket frå LS5 i fjor. Ut i frå dei kandidatane  
184 som så langt har stilt, ser det ut som det blir god kjønnsbalanse i NSO framover.

## 185 **Kopinor-forhandlingar**

186 På hausten i fjor var det brot i forhandlingane mellom Kopinor og Universitets- og høgskolerådet  
187 (UHR) om ny kopiavtale for UH-sektoren om rettigheter knytt til kopiering og deling av trykt  
188 materiell. Saken gjekk til mekling hos Riksmeklingsmannen. Etter ein lang dag med mekling var ny  
189 avtale i boks, med det resultat at det no er ein felles pris for alle studentar, uavhengig av om ein  
190 studerer på eit universitet eller ein høgskole. Det inneber at høgskolestudentane får litt høgare  
191 pris, medan universitetsstudentane får litt lågare pris. Den nye prisen er 390 kroner i året. Om du vil  
192 lese meir om Kopinor-resultatet, sjå her: [Ny kopiavtale i boks](#) (lenke)

## 193 **Kvalitetsindikatorar i utdanning**

194 NSO blir stadig utfordra på kva vi meiner er viktig å måle for å sikre god kvalitet i utdanninga, og  
195 korleis departementet betre kan følgje opp institusjonane sitt arbeid med studiekvalitet. Difor har  
196 AU satt i gang eit arbeid med å utforme kvalitetsindikatorar for høgare utdanning, og fag- og  
197 forskningspolitisk komite (FFPK) og internasjonal komite (IK) skal i løpet av våren levere eit  
198 dokument som svarar på denne bestillinga. Det dokumentet vil også bli svært viktig i samband  
199 med den komande stortingsmeldinga om utdanningskvalitet, våren 2017.

## 200 **Ny likestillingspolitikk**

201 I november vedtok landsstyret mangfalds- inkluderings- og likestillingspolitiske plattform. AU har  
202 sidan jobba med å få den nye politikken ut. Vi har mellom anna gitt innspel til regjeringa si varsla  
203 stortingsmelding om likestilling mellom kjønna, og møtt med politisk leiing i Helse- og  
204 omsorgsdepartementet. Vi har også møtt Høgre sitt likestillingsutval, og diskutert utfordringar på  
205 likestillings- og mangfaldsfeltet i akademia, og møter gjerne andre stadar for å gjere det same.

## 206 **Søknad om Board Meeting til Noreg**

207 Våren 2016 skal Board Meeting (BM) i den Europeiske Student Union (ESU) arrangerast i Bergen.  
208 Etter at mykje tid har blitt brukt på planlegging, skriving av søknader, utforming av presentasjonar  
209 og lobbyarbeid, ble NSO einstemmig vald som vert for arrangementet. Det betyr at rundt 120  
210 tillitsvalde frå om lag 47 organisasjonar i 39 land til Noreg for å diskutere europeisk  
211 utdanningspolitikk, i ei veke det året vi feirar 80-årsjubileum. I tillegg til sjølve møtet inneber eit BM  
212 å organisere eit seminar, og vårt forslag er å ha «Den globale studentstemma» som tema. Vi gler  
213 oss mykje til mai 2016 og er stolte over å ha blitt vald som vert!

## 214 **Den globale studentstemma og Post 2015**

215 Det er ikkje utan grunn at NSO vil trekke fram den globale studentstemma på årets landsmøte. I år  
216 blir dei nye utviklingsmåla til FN vedtatt, og det har blitt foreslått at høgare utdanning vil få ein  
217 plass her. At FN vel å satse på dette feltet gjer at høgare utdanning blir løfta opp på eit globalt  
218 nivå. Det finst i dag ingen samla global studentrørsle til å fremme utdanning i FN-systemet. Difor  
219 ønskjer vi, og har forplikta oss til, å spele ei aktiv rolle i å samle ei global studentstemme.

220 Arbeidsgruppa til den europeiske studentunionen (ESU) på Post 2015 er leia av NSO. Den har  
221 som mål å sikre at forslaget om å inkludere høgare utdanning blir vedtatt av FN's generalforsamling  
222 og at studentorganisasjonar blir inkludert som legitim og relevant interessegruppe i arbeidet. Dette  
223 gir oss en moglegheit til å jobbe med tematikk som utdanning og studentar som pådrivarar for  
224 demokrati, viktigeita av akademisk fridom og utdanning for utvikling.



225 **Students at Risk**

226 Søknadsfristen for det første opptaket av dei første «Students at Risk»-studentane har gått ut, og  
227 det har blitt levert inn ein god del nominasjonar. Studentane som får innvilga studieplass i Noreg vil  
228 begynne studiane hausten 2015. NSO følgjer spent med på utviklinga, og jobbar tett med bla.  
229 Senter for internasjonalisering av utdanninga (SIU) og Studentenes og akademikernes  
230 internasjonale hjelpefond (SAIH) for å sikre oppstarten av dette studentinitierte prosjektet.

231 **Midlertidigheit i akademia – politisk streik 28. januar.**

232 Før jul ble NSO spurt av Forskarforbundet kva haldning vi hadde til den politiske streiken mot  
233 endringane i Arbeidsmiljølova, spesielt angående midlertidigheit. Landsmøtet har vedtatt  
234 overordna politikk om stillingsvernet i utdannings- og forskingssektoren, og landsstyret vedtok  
235 utdjupande politikk på midlertidigheit i akademia på LS5 13/14. På bakgrunn av dette valde AU å  
236 diskutere om den politiske markeringen var ein relevant arena å løfte midlertidigheit i akademia.  
237 Det var aldri AUs intensjon at det skulle framstå slik at NSO kunne bli tatt til inntekt for å ha meint  
238 noko om dei øvrige punkta som blei tatt opp til streik. I dette tilfellet klarte vi ikkje å skilje oss frå  
239 andre organisasjonar sine mål med streiken, og her oppnådde vi ikkje det vi ønskja.

240 Vårt mål er heile tida at samarbeid med éin aktør ikkje negativt skal påverke samarbeidet med  
241 andre. For oss er det *saken* som er viktig. AU gjer kontinuerleg vurderingar om når og korleis NSO  
242 sin politikk best kan blir fremja, og i denne undervurderte omfanget på den politiske konflikta. Det  
243 har vi beklaga, og mellom anna sendt oppklarande pressemelding til alle medlemslaga, samt  
244 informerte i sosiale medier. Vi har også gått gjennom erfaringane frå denne situasjonen, og sett på  
245 rutineane på kontoret for å sikre at tilsvarande situasjonar ikkje skal skje igjen.

246 **ORGANISASJONSARBEID**

247 Vi har arrangert tre leiarsamlingar for studentleiarane ved medlemslaga i løpet av året, der to har  
248 vore i Oslo (BI og UiO) og éi i Ålesund (HiÅ). Det har vore godt oppmøte, og samlingane har vore  
249 viktige kontaktpunkt og diskusjonsplassar for både AU og medlemslaga. AU ser at leiarsamlingane  
250 kjem til å bli enda viktigare med eit sentralstyre. Vi håpar medlemslaga bidrar like aktivt framover.

251 NSO har arrangert tre store konferansar i løpet av året: I starten av året arrangerte vi også  
252 Avspark-konferansen på Romerike, som også i år var suksess. I oktober arrangerte AU NSOs  
253 Haustkonferanse, som år blei via til forskings- og likestillingspolitikk. Det var for å førebu  
254 organisasjonen på å vedta ny mangfalds-, likestillings, og inkluderingspolitikk på LS2 og ny  
255 forskingspolitikk på LS3. Den 6.-8. mars arrangerte dei politiske komiteane Vårkonferansen, som i  
256 år handla om kva som ligg i kvalitetsomgrepet i lys av alle de politiske områda NSO jobbar med.

257 **Overgangen frå landsstyre til sentralstyre**

258 På NSOs landsmøte i 2014 (LM4) blei det vedtatt at ein frå 1. juli 2015 skal gå over frå ein  
259 landsstyremodell til ein sentralstyremodell. I tillegg til at sekretariatet og AU har jobba med denne  
260 overgangen, har også kontrollkomiteen og valkomiteen vore med i arbeidet. Overgangen inneber  
261 at det under LM5 skal veljast 13 representantar og 13 vara. Sentralstyret vil overta fullmaktene  
262 som landsstyret så langt har hatt, og skildringa av kva som skal bli vedtatt og kva val som skal blir  
263 gjort er tydeleggjort i vedtektene. Representantane vil no være vald direkte ut frå LM, og ikkje  
264 lenger vere frå sine respektive studentsamskipnader, slik tilfellet har vore for landsstyret.

265 Landsmøtet valde å legge inn enkelte kvoteringsordningar for å sikre ein breiast mogleg  
266 representasjon, både geografisk og etter institusjonskategori. Kontrollkomiteen har tolka  
267 vedtektene slik at det ikkje er nødvendig å ta de same omsyna i valet av vara. Valkomiteen har



268 fram mot landsmøtet gjort en imponerende jobb for å rekruttere personar til å stille til val. Første  
269 møte for sentralstyret skal etter planen blir arrangert i løpet av august, der vidare møteplan og  
270 regelverk for møta i sentralstyret skal blir avgjort. AU oppmodar fleire om å stille til val her!

271 **80-årsjubileet til studentbevegelsen, alumnus-nettverk og bokprosjekt**  
272 Om ikkje lenge er studentrørsla 80 år! Det er difor sett i verk både arbeidet med eit bokprosjekt  
273 som tek for seg historia til studentrørsla i Noreg, ei skikkeleg re-organisering av NSOs alumnus-  
274 nettverk og planlegging av 80-årsjubileet. Det er sett av midlar til desse prosjekta over NSOs fond.

275 AU har sett ned interne prosjektgrupper på kontoret som jobbar med å gjennomføre prosjekta på  
276 best mogleg måte, samt kartlegge kva det ville koste av økonomiske og menneskelege ressursar.  
277 Alumnusarbeidet er i godt i gang, og planleggast aktivitet framover. Prosjektgruppa for  
278 bokprosjektet jobbar med å finne både kjeldemateriale og ein passande forfattar no, og gruppa for  
279 jubileumsfesten har booka Gamle festsal ved Universitetet i Oslo til jubileet, som blir på hausten  
280 2016. Alle gruppene kjem tilbake med info fortløpande til landsstyre/sentralstyret framover.

281 Med beste helsing

282 Arbeidsutvalet 2014/15,

283 Helge, Alexander, Sondre, Therese, Kristian og Anders